

Årsmelding 2012 for Vassområde Nordfjord

Organisering, prosjektleiar

Vassområdeutvalet har medlemar frå kommunane, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og sektorstyresmakter (NVE, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Vegvesenet og Kystverket). Arbeidsutvalet for Vassområdeutvalet er representantane frå kommuneadministrasjonane og prosjektleiaren. Referansegruppe for lokale og regionale lag og organisasjonar er oppretta for vassområdet. Prosjektleiar er tilsett og starta i 100 % stilling 20.08.2012. I arbeidsutvalet til Vassregionutvalet er vassområdet representert ved ordføraren i verstkommunen (Gloppen) og prosjektleiaren.

Prosjektplan

Prosjektplanen av 31.05.2011 er godkjent politisk av 4 kommunar, medan 2 kommunar har slutta seg til prinsippa i planen, med unntak for finansieringa. Etter avtale med Vassområde Sunnfjord er Jølster kommune ikkje med på finansieringa av Vassområde Nordfjord. Dermed er det 7 kommunar som skal dele på finansieringa. Ein av desse har utsett behandlinga av prosjektplanen.

Møte

I 2012 hadde Vassområdeutvalet 3 møte og arbeidsutvalet 1. Tema på møta har vore arbeidsoppgåver, organisering, kostnader / fordelingsnøkkel, utlysing av prosjektleiarstilling, vesentlege spørsmål om vassforvaltning, vassdragskonsesjonar til revisjon og førebuing av tiltaksanalyse. Prosjektleiar har orientert om prosjektet på møte i Nordfjordrådet, i Bremanger kommunestyre og på møte med bondelaga og landbrukskontoret i Gloppen.

Vesentlege spørsmål om vassforvaltning

Dokumentet Innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde Nordfjord vart godkjent av vassområdeutvalet og lagt ut på Vannportalen.no. Det er kome innspel til dokumentet frå Bremanger kommune og Fiskeridirektoratet. Sistnemnde er usamd med Fylkesmannen om karakteriseringa av mange elvar, med omsyn til påverknad frå rømt oppdrettsfisk. Hovudutfordringar: Kunnskapsmangel, påverknad frå vasskraftregulering, flomverk, sur nedbør, landbruksavrenning, kloakkavløp, industriutslepp og fiskeoppdrett.

Medverknad

Brev er sendt 124 lokale og regionale lag og organisasjonar med informasjon om prosjektet og dokumentet Vesentlege spørsmål frå Nordfjord, samt invitasjon til å delta i referansegruppe. I samband med prioritering av vassdragskonsesjonar til revisjon, vart 13 lokale lag eller enkeltpersonar tilskrivne og bedne om innspel. Det kom innspel frå 5 av desse.

Økonomi

Budsjettet til vassområdet i 2012 var på 1 100 000 kr, der finansieringa er delt mellom Fylkesmannen, Fylkeskommunen og kommunane i forholda 25/25/50. Støtta frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen er innvilga og motteken, og kommunane er fakturerte etter budsjettet. Utgiftene for prosjektet har vore lågare enn budsjettet i 2012. Tilsettinga av prosjektleiar seint på året førte til lågare lønskostnader, og mindre aktivitet generelt. Overskotet vert avsett til bundne fond, øymerka prosjektet. Det er mellom anna stort behov for vassanalysar og overvaking, då det har vist seg at datagrunnlaget for fastsetting av miljøtilstand er svært mangelfullt. Betre datagrunnlag kan føre til mindre behov for kostnadskevande tiltak.